## Aktivitetsplan 2018/2019

| Tidspunkt | Type arrangement | Komité |
|---|---|---|
| Tor 17. mai | Speling - marsjering | Styret |
| Fre 10. aug. | Elvisfestival m/ øving | Styret |
| Fre 14–lau 15.sep | Tur | **Terje V,** Stine, Trond, Anne Mari, |
| Fre 12. okt. | Øvingshelg Raid Gilje | Styret - Noteutval |
| Fre 19. okt. | Heim i haust | **Tove,** Erling, Ingunn, Linda, Terje N |
| Lau 27. okt. | Nordvesten | Inge, Asbjørn, Torill, Johan, Mathias, John Inge, Ola R |
| Søn 11. nov. | Basar | **Eli,** Laila M, Harald, Laila B, Alice, John, Verena |
| Laur 8. des. 13.30 | Måløyspeling | Styret |
| Søn 16. des. | Julekonsert | Styret |
| Fre - søn 4.–6. jan | Øvingshelg | Styret |
| Laur 12. jan | Nyttårskonsert. | **Johanne,** Jonathan, Tor Åge, Lisbeth, Sølvi, Petter. |
| Laur 12. jan | Årsfest | **Reidunn,** Ola V, Marthe, Siv, Sissel. |

*Første person i kvar komitéen kallar inn sin komité så snart råd er etter årsmøtet. Samarbeid med noteutvalet.*

## Program 17. mai 2018

**07.25:** Torskangerpoll Musikklag spelar i Oppedal, Myrestrand, Gravdal, Færestrand, Skaret og Grendahuset.

**08.00:** Flaggheising i Holvik med Holvik skulekorps

**10.00:** Torskangerpoll Musikklag og Holvik skulekorps spelar i barnetoget i Måløy. Fellessamling på Torget

**12.30:** Folketog i Holvik. Torskangerpoll Musikklag og Holvik skulekorps spelar

**15.30:** Folketog i Vågsvåg. Torskangerpoll Musikklag og Holvik skulekorps spelar





*Alltid stemning*

# Vredens Gnag

Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 5 | 25. årgang | Mai 2018

# Laga mai-stemning i Måløy og Polljen





Laurdag 5. mai spelte Torskangerpoll Musikklag i Måløy sentrum og ved Storsenteret i Deknepollen. Det var bra med folk å høyrde på, og mange synest det var kjekt at vi laga litt feststemning i sentrum denne første laurdagen i mai. Inne i bladet kan du sjå programmet for nasjonaldagen i vest.

**www.torskangerpoll.no**

## TPM tilbakeblik 50 år, Året 1968:

17. mai morgenprosesjon til fots frå Oppedal til Vågsvåg kl 07.00 og ettermiddag folketog frå Gravdal til Vågsberget og til Våge-Oppedal skule. I juni var det tur til musikkstevne i Olden med Hendavik. Starta laurdag kl 09.00 og var framme kl 15.00 i nydeleg ver. Fellesøving og oppmarsj med påfylgjande fest om kvelden på Aleksandra hotell der Reidulf Færestrand og Arnljot Inselseth blei tildelt NMF si fortenestemedalje for 35 års medlemsskap. Deltok på kyrkjekonsert søndag kl 11.00. Oppmarsj og heimreise om ettermiddagen. TPM hadde 68 musikkøvingar og fylgjande opptredenar: Julekonsert i Vågsvåg, julekonsert i Måløy, juletrefest i Gravdal, basar redningsselskapet, 17. mai, eigen musikkbasar med 5000 kr i netto (rekord), musikkstevne i Olden og konsert på Vågsskaret. Hadde medlemsfest 30. desember med betasuppe, sang, taler og underhaldning.

JEW

## Fra arkivet til VG henter en sopalte Ivar Torskangerpoll lagde: Spør Ivar;

Hva er egentlig en jury?
Svar:
Det er en samling personer som skal avgjøre hvem av de tiltalte i Orderudsaken som har de beste advokatene.

Hva er et anker?
Svar:
Anker kan være flere forskjellige ting. Men for en landkrabbe som bare en sjelden gang er om bord i en båt er det en stor fiskekrok som senkes ned i vannet når båten skal parkere.

Hva er demokrati
Svar:
Demokrati betyr at folk av alle raser, trosretninger og farger arbeider så hardt de kan, for å få råd til å flytte vekk fra folk av alle raser, trosretninger og farger.

Jeg har problem med å få lønningene til å rekke i hop, har du et tips?
Svar:
Prøv å spar litt hver måned, og når året er slutt vil du være overrasket over hvor lite du har.

Når tid er man ynkelig?
Svar:
Det er i mange tilfeller det. Et av tilfellene er tilstanden til den delen av menns hjerne som stadig vekk regner ut at siden du ikke har fått klaff med dame de siste 76 lørdagene, må det bare klaffe i kveld.



## Portrettet: Terje Nerland, stødig og smilande tubaist:



*Hadde du nyttårsforsett?:* Nei, ingen nyttårsforsett, men mange tankar om det nye året.
*Kva vil du ha til bursdagen?:* Ei vinylplate med Jan Garbarek eller Kari Bremnes, eller ei bok med masse fine bilder :-)
*Gå på ski eller sjå på?:* Likar meg best i nedoverbakker i puddersnø.
*Kokt egg eller speilegg?:* 7 minutt og 20 sekund er heilt perfekt på store egg fra frittgåande høner.
*Sukker eller sirup til klubb?:* Sirup.
*Fisk eller kjøtt på menyen?:* Stekt hyse er ein favoritt.
*Jordbærsylte eller bringebærsylte?:* Jordbær, men solbærsylte er best.
*Makrell i tomat eller susji?:* Makrell i tomat.
*Takkformatentale eller betale rekninga?:* Eg betaler helst rekninga.
*Fortelje vitsar eller høyre på?:* Klart flinkast til å høyre på.
*Feriemål?:* I år er det bilferie i Nord *Italia.*
*Tidleg i seng eller tidleg opp?:* Pleier å være bra trøtt om kvelden, og er nok sprekast tidleg om morgonen.
*Skifte dekk eller vaske hus?:* Eg er heldig, for Vegard eller Sondre skifter dekk. Då blir det ein kamp om husvasken ja.
*Køyre sjølv eller sitte på?:* Køyre sjølv er stort sett det beste.
*Kva høyre du på i bilen?:* Akkurat no er det ein ung, veldig flink trompetist, Hans Marius Andersen fra Bergen. Ellers liker eg å synge til Spotify-lista mi når eg kjører bil aleine.
*Trøsykkel eller motorsykkel?:* Trøsykkel.
*Vorspiel eller nachspiel?:* Vorspiel, eg er ikkje så god på nachspiel.
*Kva er din favorittmelodi?:* Det avhenger heilt av kva modus eg er i, men Little Wing (Jimi Hendrix) passer alltid.
*Fotballkamp eller kino?:* Velger gjerne en fotballkamp, men veldig kjekt på kino også en mørk høstkveld.
*Vassendgutane eller Kygo?:* Ikkje mine favoritter, men det må bli Kygo.
*Konge eller president?:* Konge er heilt ok.
*Kva meiner du om kommunesamanslåing?:* Har ikkje landa heilt, men tenker at eg nok går for et "ja".
*Det første du ville gjort som statsminister?:*Tatt ei runde internt på tinget med fokus på oppførsel og verdier.
*Det første du ville gjort som ordfører?:* Satt meg ned ei stund og reflektert litt over kommunens eget slagord: "vekst og trivsel".
*Kven beundrar du mest?:* Det er mange eg har gode tankar om, men eg har fått uvurderlig hjelp av ei rekke gode hjelpera i helsevesenet dei siste åra, som gjær det dei kan for å ta vare på andre. Ei stor takk til dei.
*Kva gjer deg glad?:* Omtanke og varme gjer meg glad, og gjerne også eit lite kakestykke.
*Kva gjer deg sint?:* Eg er ei tolmodig sjel. Det skal mykje til før eg blir sint, husker ikkje sist.
*Ved eller varmevifte?:* Bruker begge deler og synest det er ein god kombinasjon.